



## Vest-Telemarkrådet

### INNKALLING TIL RÅDSMØTE

**Til:** Ordførarane og rådmennene i Vest-Telemark  
**Dato:** Tysdag 15. november 2022 kl. 10.00 – 18.00  
**Stad:** Karl Johan Hotel i Oslo

---

Kviteseid, 8. november 2022

#### Rådsmøte tysdag 15. november 2022

Kl. 10.00 Regionordfører Halvor Homme ynskjer velkomen til møtet

Kl. 10.00-12.00 Tverrfagleg samarbeid ved direktør Carsten Hornstrup og strategisk rådgjevar Sverre Roos Mangrud i Joint Action Analytics

Kl. 12.00-13.00 Lunsj på hotellet

Kl. 13.00 Møtet held fram

Kl. 14.00 Ekstraordinært representantskapsmøte i konsesjonskraftstyret

Kl. 16.00-18.00 Møte med telemarksbenken

Venleg helsing Vest-Telemarkrådet

*Halvor Homme, regionordfører*

*Anne Aasmundtveit, regionrådsleiar*

## SAKLISTE

Rådsmøte tysdag 15. november 2022 kl. 10.00

Sak 42/2022 Referatsaker

Referat førre møte

Sak 43/2022 Orienteringer

Tverrfagleg samarbeid ved direktør Carsten Hornstrup og strategisk

rådgevar Sverre Roos Mangrud i Joint Action Analytics, sjå [Joint Action Analytics](#)

Sak 44/2022 Felles klimaplan for Vest-Telemark

Sak 45/2022 Framlegg til budsjett 2023

Sak 46/2022 Framlegg til møtekalender 2023

Sak 47/2022 Framlegg til sakliste Vest-Telemarktinget

Sak 48/2022 Førebuing møte med benken

Sak 49/2022 Eventuelt

Kl. 14.00: Ekstraordinært representantskapsmøte i konsesjonskraftstyret i Telemark. Tinn og Hjartdal sine representantar deltek på teams.

## Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 18. oktober 2022 kl. 10.00-14.30 i Fyresdal Næringshage

### Tilstades:

Regionordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme  
Regionvaraordfører og ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog  
Ordfører i Tokke Jarand Felland  
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven  
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide  
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen  
Rådmann i Vinje Jan Myrekrok  
Kommunedirektør i Tokke Finn Arne Askje  
Rådmann i Seljord Rikke Raknes  
Kommunedirektør i Fyresdal Ulf Pedersen  
Kommunedirektør i Kviteseid Laila Thorsen  
Fagsjef samordningsstab hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark Mats Willumsen  
Direktør samordning og beredskap, Fylkesberedskapssjef hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark Ingvild Aartun  
Rådgevar i KS Karianne Resare  
Regionrådsleiar i Vest-Telemarkrådet Anne Aasmundtveit

### Forfall:

Kommunedirektør i Nissedal Sverre Sæter

Regionordfører Halvor Homme ynskte velkomen til rådsmøte.  
Ny kommunedirektør i Fyresdal Ulf Pedersen vart ynskt velkomen.

### Sak 35/2022 Referatsaker

- Referat førre møte
- Søknad Bygdevekstavtale
- Svarbrev frå Vestfold og Telemark fylkeskommune vedk. Kompetansepilot

**Vedtak:** *Referatsaker vart tatt til vitande*

### Sak 36/2022 Orienteringar

#### Korleis utviklar kraftsituasjonen seg i Vest-Telemark

Orientering ved Tone Aanderaa, dagleg leiar i Kraftkompetanse KO:

- Bakgrunn og mål med selskapet- bygge og ivareta kompetanse innan kraft. Samarbeide på tvers
- Utviklinga av kraftproduksjon
- Planlagde kraftprosjekt i Vest-Telemark. Vasskraft, men ingen planlagde vindkraft eller solkraftverk.
- Er i NO2 Sørvest-Noreg kraftmarknaden
- Energi trilemma

#### Seriøsitetsbestemmelser «Skiensmodellen»

Orientering ved Roald Stykket, leiar, og Rune Tønnesen, organisasjonsarbeidar i Fellesforbundet avdeling 8 Telemark:

- Eit samarbeid mellom NHO og Fellesforbundet; Skiensmodell. Eit tiltak mot sosial dumping.
- Bakgrunn for etablering av spelereglar for innkjøp og anleggsbransjen.

- Historikk og prosess for det som blei Skiensmodellen i 2014.
- Gjennomgang av revidert «Skiensmodell»
- Rune Tønnesen er ute og kontrollerer. Joachim i Medbyggerne er og ute og følger opp prosjekt. Dei pratar med tilsette og det er slik avvik frå «Skiensmodellen» vert avdekka.

Kommentar i møtet til *punkt 7 i avtala Krav om faglærte håndverkere*: Det er utfordrande med 80% faglærde, spesielt i Vest-Telemark, det er då viktig at det blir gitt dispensasjon.

Vest-Telemarkkommunane med unntak av Fyresdal kommune er med i Telemark innkjøpssamarbeid TIS som har «Skiensmodellen» som vedlegg. Det betyr at ettersom «Skiensmodellen» vert revidert, blir avtala automatisk justert hos dei kommunane i Vest-Telemark som er tilslutta TIS.

### **Berekraftig utvikling i distriktskommunar**

Olav Lahus, direktør i Telemarksforskning, ga ein kort presentasjon av Telemarksforskning som institusjon og sitte eigeninitierte prosjekt om å lage eit analytisk rammeverk for distriktskommunar som praktisk hjelp i deira arbeid med berekraftig utvikling.

For å få innspel i møtet, hadde Olav Lahus i forkant stilt ordførarane spørsmålet: Kva er viktig for Vest-Telemark fram mot 2030?

Innspel i møtet:

**Nissedal ved Halvor Homme:** I dag er største utfordring å skaffe den riktige kompetansen.

Interkommunalt samarbeid vil bli viktig, ein må erkjenner at ein er små så må samarbeide i regionen. Statsforvaltaren er ei utfordring. Demokratiet vert sett på prøve, statsforvaltaren overprøver det lokale demokratiet. Fordel er god plass og er ei årsak til at folk vil bu her. Opplever mangel på forståing på at det faktisk er forskjell på Sandefjord og Vest-Telemark.

**Fyresdal ved Erik Skjervagen:** Folketalet er det mest truande. Er omstillingskommune, noko som inneber at kommunen er analysert. Vekst i arbeidsplassar er viktig. Utvikling av bumiljø kommersielt er vanskeleg, og kommunane må stå som utviklar. Fyresdal har ein plan for dette, men det er ei utfordring å bygge ut attraktive bustader og buområde.

**Kviteseid ved Bjørn Nordskog:** Relativt stabilt folketal. Må kanskje forhalde seg til at folketalet kan gå ned. Helse og omsorgsplan syner at innbyggjarane blir stadig eldre. Ei stor utfordring å skaffe kompetente helsefagarbeidarar. Bygge opp lærlingar og tilby jobb til dei vil vera eit pluss.

Er gode sjølv om ein er små. Kommunane er den største arbeidsgjevar i små kommunar.

**Tokke ved Jarand Felland:** Sluttar seg til det som allereie er sagt. Det kan syne seg at klimafotavtrykket er høgare der det bur folk med (veldig) høg inntekt, t.d. dei brukar meir pengar på å reise/fly enn folk i distrikta.. I distrikta har folk kanskje større hus og bil, men klimaavtrykket er likevel mindre.

***Ei klar oppmoding til Telemarksforskning er å dokumentere denne påstanden.***

Som nasjon må ein kanskje i framtida rekne med å ta i mot klimaflyktningar. Desse vil kunne vera med å stabilisere folketalet. I Tokke har dei gjort eit fornuftig grep i rekrutteringsarbeidet: Hjelpepleiarar og sjukepleiarar utfører dei oppgåvene dei er utdanna til, ikkje mange andre tilleggsoppgåver som t.d. reinhald og matlaging.

**Vinje ved Jon Rikard Kleven:** Manglar arbeidskraft, spesielt på helse. I den seinare tida har arbeidsledigheita vore på 0,7%. Ei stor utfordring er alderssamansetning. Folketalet er stabilt, men innbyggjarane blir eldre. Jobbar med tilflytting.

**Seljord ved Beate Marie Dahl Eide:** Same utfordringar som dei andre kommunane. Staten må og ta innover seg demografisamansetninga. Ein meir langsiktig statleg finansiering. Seljord har eit sterkt privat næringsliv. Mange bur i Bø der bustaden der bustaden har større verdi ved eit eventuelt sal. Jobbar mykje med attraktivitet. Staten bør ha konkrete ordningar som gjer det meir attraktivt å bygge og bu i distriktsnoreg.

*Telemarksforsking tar innspela frå Vest-Telemarkrådet med seg inn i sitt vidare arbeid.*

### **Tradisjon og Destinasjon 2.0**

Jenny Fossum Grønn, prosjektleiar i Telemarksforsking presenterte prosjekt Tradisjon og destinasjon 2.0 Verdiskapingsprogrammet Villreinfjellet som verdiskapar.

Formål: Å undersøke korleis lokalsamfunn kan legge til rette for berekraftig verdiskaping i villreinfjell ved å arbeide særskilt med sosial berekraft.

Telemarksforsking skal i prosjektet mellom anna utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for besøksstrategi for bygdenære område med mykje hyttebygging i randsone til verneområde og villreinfjell.

### **Kompetansepilot**

Marit Bjercknes Rød, prosjektleiar i Kompetansepilot, ga ei orientering om oppfølginga av Kompetansepilot.

Vest-Telemarkrådet vedtok i sak 33/2022 Notat til Vestfold og Telemark fylkeskommune om kompetansepilotprosjektet om at fylkeskommunen følgjer opp utfordringane som er skissert i notatet og kjem med ei statusoppdatering til Vest-Telemarkrådet sitt møte 18. oktober 2022.

Marit Bjercknes Rød orienterte om:

- Bakgrunn og målsetting for oppdraget frå HK-dir (Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse)
- Det å finne ein modell for kompetanseheving skal vare evig,
- Med bakgrunn i notatet sendt til fylkeskommune, vert det vurdert å gjera nokon endringar.
- Fylkeskommunen vurderar å sette oppdrag ut til lokal tenesteleverandør.
- Frist for sluttrapport november 2024.
- Noko uklart kor mykje som står att

Tilbakemelding i møtet:

- Prosjektet har enno ikkje resultert i aktuelle eller reelle piloteringsaktivitetar
- Fokus på kartlegging i ca 2,5 år
- Kompetanseheving er noko som næringslivet treng.
- Synd at prosjektet ikkje har resultert i aktivitetar og ein modell/modellar sjølv om konkrete idear har blitt lagt fram for fylkeskommunen.
- Nettsider om utdanning er ikkje relevant.
- Fylkeskommunen må forstå at utviklingsarbeid kan best drivast lokalt ikkje sentralt. Kunnskap om regionen er ein føresetnad for god framdrift i eit slikt prosjekt.
- Vest -Telemark har ikkje hatt utbytte av verken dei kr 5,7 mill eller deltaking i prosjektet.

**Vedtak:** *Orienteringssakene vert tatt til vitande*

## **Sak 37/2022 Drøfting og innspel til programpost Kommunane langs vegen på vegkonferanse på Notodden 25. oktober 2022**

Innspel i møtet:

- Viktig å snakke om tunnelar og Meheia
- Utbetringar Seljord- Morgedal
- Kjeringdalen- snart reguleringsplanoppstart
- Det viktigaste er Seljestad – Røldal.
- Må framstå som at alle langs E134 ynskjer det same
- Bør ikkje bare vera fokus på tunnelar. Det er viktig med småprosjekt og sekkepostar i budsjettet.
- For næringslivet i Vest-Telemark er Meheia av stor betydning. Kan støtte Kongsberg i dette.
- Det er vegvesenet som foreslår korleis ein skal finansiere prosjekta.
- Det arbeidet som skjer på E134 er tatt frå sekkepostar.

Vest-Telemarkrådet ved Bjørn Nordskog og Kongsbergregionen ved Bengt Halvard Odden er i kontakt for eventuelt å halde ein felles presentasjon.

*Saka var lagt fram utan framlegg til vedtak*

## **Sak 38/2022 Vest-Telemarkrådet som ansvarleg arrangør av veg-verkstad E134**

Bjørn ga ei orientering om bakgrunn for at eit slikt veg-verkstad skal bli arrangert.

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet er ansvarleg arrangør for verkstad E134 Morgedal -Seljord*

## **Sak 39/2022 Omorganisering av Vest-Telemarkrådet til interkommunalt politisk råd: 2. utkast samarbeidsavtale**

Forslag frå Jarand Felland om å om det skal bare stå Kviteseid som lokaliseringsstad, ikkje spesifisere lokalet.

Forslag frå Beate Marie Dahl Eide om å språkvaske samarbeidsavtale.

**Vedtak:** *Utkast til kommunestyresak om omorganisering vert lagt fram for Vest-Telemarkrådet maimøtet 2023 slik at kommunane kan vedta omorganiseringa før kommunevalet.  
Innspela i rådsmøtet vart vedteke.*

## **Sak 40/2022 Møte med benken 15. november 2022**

Drøfting av aktuelle tema:

- Det er behov for ei realitetsorientering. Det er no mykje frustrasjon blant ordførarane i Vest-Telemark, og det til tross for at det her er det ei raud-grøn samansetning
- Bør få svar på om at det blir ei splitting av statsforvaltaren
- Økonomi – kraftskatt- rammer på fire område på same tid
- Endring av grunnrenteskatten
- Det er eit meningslaust trekk for ein del småkommunar, m.a. Seljord kr 2,5 mill per år , som har fått ein «straff» for at dei ikkje har slått seg saman
- Inndraging frå kommunar til stat med tilbakeverkande kraft- er det lovleg?
- Det er ikkje lov å inndra strauminntekter, inntil 10%. Staten tar igjen på inndraging av

- øyremerka midlar. Det har blitt opna for ein praksis som kan bli gjentatt.
- Oppfølging av barnevernsreform – tema i maimøtet med benken
  - Inntektsutjamninga går nesten opp i opp.
  - Ressurskrevjande brukarar

**Møtet startar kl 10.00 tysdag 15. november 2022**

**Sak 41/2022 Eventuelt**

Ingen saker kom opp under eventuelt

## **Sak 44/2022      Felles klimaplan for Vest-Telemark**

### **Bakgrunn**

I sak 29/2019 av 15. oktober 2019 Felles klimaplan for Vest-Telemark vedtok Vest-Telemarkrådet å igangsette arbeidet med felles klimaplan.

Klimaplanen som er utarbeidd er ein plan etter plan- og bygningslova (PBL), og har difor vore ute på høyring og offentleg ettersyn.

I sak 6/2022 av 19 april 2022 vedtok Vest-Telemarktinget følgjande:

***Vest-Telemarktinget tilrår kommunane å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.***

### **Politisk behandling i kommunane**

Vest-Telemarkrådet har vore sekretariat og sendt felles saksutgreiing med forslag til alle kommunane med følgjande framlegg til vedtak:

***I medhald av plan- og bygningsloven tilrår formannskapet/utval kommunestyret å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.***

***Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen.***

***Namngjeven person vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet.***

### **16. juni 2022 Nissedal kommunestyre:**

1.      *Nissedal kommunestyre vedtek klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.*
2.      *Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen.*
3.      *Marianne Vrålstad vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet.*



### **20. juni 2022 Kviteseid kommunestyre:**

1. *I medhald av plan- og bygningsloven § 11 -15 tilrår formannskapet kommunestyret å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.*
2. *Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen*
3. *Tarjei Gjelstad vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet*

### **15. september 2022 Seljord kommunestyre:**

1. *Seljord kommune vedtek klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.*
2. *Peter Fjågesund(MDG)er valt som medlem i klimautvalet i Vest-Telemarkrådet.*

### **15. september 2022 Vinje kommunestyre:**

- a. *I medhald av plan- og bygningsloven tilrår plan og miljøutvalet kommunestyret å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.*
- b. *Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen.*
- c. *Plan- og miljørådgjevar Anne-Sofie Bergene Strømme vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet.*
- d. *Skogvern må ikkje føre til at det blir ulovleg å bygge i skog.*
- e. *Vinje kommunestyre ber om at FNS bærekraftsmål 15 blir vurdert tatt inn i planen ved neste rullering, med spesielt omsyn til bærekraftsmål 15.1 og 15.4.*

### **29. september 2022 Tokke kommunestyre:**

1. *I medhald av plan- og bygningsloven § 11-15 tilrår formannskapet/kommunestyret å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.*
2. *Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen*
3. *Per Wraa vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet.*

### **27. oktober 2022 Fyresdal kommunestyre:**

*Fyresdal kommune vedtek ikkje felles klimaplan for Vest-Telemark. Planen er for omfattande og ikkje tilpassa ein liten kommune som Fyresdal. Vil vil lage vår eigen klimaplan kor vi brukar kunnskapsgrunnlaget frå felles klimaplan i Vest-Telemark.*

Alle kommunane bortsett frå Fyresdal har vedteke felles klimaplan, men det er likevel ikkje heilt likelydande vedtak i alle kommunestyra. Desse skildnadene er forsåvidt ubetydelege når ein skal vurdere vidare samarbeid i klimaarbeidet, no som ikkje alle kommunane har vedteke planen.

## **2- årig klimakoordinator**

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark løyvde for 2022 kr 500.000 i skjønnsmidlar til ei 2-åreg klimakoordinator i Vest-Telemark.

Vest-Telemarkrådet vedtok i rådssak 31/2022 av 30. august 2022 Justert budsjett 2022 følgjande:

***Under føresetnad av at alle Vest-Telemarkkommunane vedtek felles klimaplan, vert det lyst ut etter ein 2-åreg klimakoordinator.***

### **Drøfting av vegen vidare**

- Skal felles klimaplan bli jobba vidare med i eit 5-kommunarssamarbeid?
- Vest-Telemarkrådet si rolle som sekretariat i det vidare arbeidet? Dette er ein føresetnad i saksutgreiinga til kommunane.
- Kva med felles klimakoordinator og bruk av løyvde skjønnsmidlar til føremålet?

***Saka vert lagt fram utan tilråding***

## Sak 45/2022 Framlegg til budsjett 2023

I tråd med etablerte økonomirutinar blir sak med framlegg til budsjett for komande år no lagt fram for Vest-Telemarkrådet, for endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget 6. desember 2022.

Budsjettoppsett kjem i sin heilskap i tal slik som det ligg i vedlegg 1.

### Inntekter

Driftsbudsjettet har ei delt finansiering mellom kommunane i Vest-Telemark og Telemark Utviklingsfond (TUF), der kvar part finansierer 50%.

Driftsbudsjettet aukast i tråd med TUF sine justeringar, som igjen regulerast etter konsumprisindeksen. Prisjusteringa er utrekna ut i frå konsumprisindeksen i perioden september 2021 - september 2022 som er på 6,9%. TUF sitt bidrag for 2023 blir med dette kr. 2.654.267,-.

Kommunane sine bidrag er:

Fordeling per kommune	Fast fordeling	Prosentvis fordeling	Andel per kommune 2023
Fyresdal	221 189	114 811	336 000
Nissedal	221 189	135 512	356 701
Kviteseid	221 189	234 989	456 178
Seljord	221 189	276 869	498 058
Tokke	221 189	205 089	426 278
Vinje	221 189	359 863	581 052
<b>Vest- Telemark</b>	<b>1 327 134</b>	<b>1 327 133</b>	<b>2 654 267</b>

Totalt er budsjettet til Vest-Telemarkrådet for 2023 på kr. 8.838.534.

Inntekter 2023	Kroner
TUF	2 654 267
Kommunane	2 654 267
Mva komp	725 000
Deltakaravg Vest-Telemarkkonferansen	80 000
Renter	80 000
Bruk av fond disp.fond	2 105 000
Bruk av bundne fond	440 000
Fjellandbrukssatsing/ref stat	100 000
<b>Totalt</b>	<b>8 838 534</b>

## **Skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren**

Som kjent må Vest-Telemarkrådet søke prosjektskjønnsmidlar på lik linje som resten av fylket. Det er ikkje lagt inn moglege skjønnsmidlar i budsjettet, men ein tenkjer å søkje om midlar på det nivået ein fekk tidlegare omlag kr. 1,1-1,5 mill til ulike prosjekt.

I 2022 fekk rådet totalt kr. 700.000,- i skjønnsmidlar deriblant kr. 500.000 til felles klimakoordinator. Det hadde vore naturleg å søkje omlag kr. 700.000 i skjønnsmidlar for komande år til dette 2-årige planlagde klimaprojektet. Dette er ikkje lagt inn i budsjettframlegget hverken på inntektssida eller utgiftssida (ansvar 1136 Felles klimaplan Vest-Telemark) med bakgrunn i at vedtak i rådssak 31/2022 Justert budsjett 2022 hadde ein føresetnad om at alle Vest-Telemarkkommunane vedtek felles klimaplan før det vert lyst ut etter ein 2-åreg klimakoordinator.

Ein venter til sak 44/2022 Felles klimaplan for Vest-Telemark er handsama før eventuelle tal blir lagt inn på ansvar 1136.

## **KLP**

Prognoser frå KLP syner ei auke i premie slik at for 2023 vil denne utgifta for Vest-Telemarkrådet vera omlag kr 600.000.

## **Mva kompensasjon**

Den totale mva-kompensasjonen er budsjettert til å vera kr 725.000. Men til forskjell frå tidlegare budsjett, er no mva kompensasjonen fordelt ut på dei ulike ansvara.

## **1100 Administrasjon**

Her ligg lønskostnader og driftsutgifter til regionrådsleiar og utviklingsleiar, samt utgifter til drift av Vest-Telemarkrådet.

Det er foreslått ei auke på driftsutgifter på kr. m.a. fordi:

- Kr. 200.000 har blitt flytta frå ansvar 1128 Fellestiltak i næringskollegiet til ansvar 1100, dette etter tidlegare signal i frå rådet.
- 2023 er jubileumsår for Vest-Telemarkrådet som vart stifta i Morgedal 2. september 1993. Det bør bli markert.
- I tillegg skal det blir arrangert samlingar for ungdomsråd, og for innflyttarar (eit arrangement som har blitt utsett pga av koronasituasjonen som var).

## **1101 Digitalisering og velferdsteknologi**

Under ansvar 1101 ligg drift av løn til digitaliseringsleiar og utgifter til moglege tiltak som skal gjennomførast i 2023.

Utgifter i samband med møteverksemd i ulike fora som t.d. webforum, arkivforum, personvernforum og digitaliseringsutval ligg her.

## **1112 Start Opp (Etablerarkontoret)**

Avtala med Telemark Næringshage om drift av etablerarkontoret går inn i sitt tredje år i 2023. Inngått avtale er for tre år, med opsjon 1+1 år, med ei årleg ramme på kr. 300.000.

## **1128 Fellestiltak næring**

Budsjettpostar (totalt kr. 200.000) er flytta over til administrasjonen ansvar 1100

Administrasjonen. Beløpet på ansvar 1128 samsvarar med beløpet som rådmannsutvalet har til rådvelde.

Kr. 100.000,- skal gå til møteverksemd og mindre aktivitetar og tiltak.

### **1136 Felles klimaplan for Vest-Telemark**

Avventar sak 44/2022 Felles klimaplan for Vest-Telemark.

### **1137 Småbrukprosjekt**

Det er budsjettert med kr 200.000 til vidare drift av småbruksprosjektet. Dette dekker midlar til marknadsføring og møteverksemd.

### **1138 Aktivitetstilbod velferdsteknologi**

Ved utgangen av 2022, vil ein ha nytta det aller mest av det statlege tilskotet på totalt kr 1.600.000 løyvd til videokommunikasjon til ikkje-digitale brukarar. Det vil stå att i underkant av ein kvart million, som er tenkt nytta til same føremål i 2023.

### **1139 Merket for berekraftig reisemål**

Merket for berekraftig reisemål er eit 2-årig prosjekt og det er difor budsjettert med heilårsverknad for 2023. Finansiering av prosjektet over disposisjonsfondet vart vedteke i Vest-Telemarkrådet 31. august 2021.

### **1140 Felles reiselivsstrategi**

Felles reiselivsstrategi er planlagt slutført i juni 2023. Det er restbeløpet på kr. 455.000 som ligg inne i budsjettet. Finansiering av prosjektet over disposisjonsfondet vart vedteke i Vest-Telemarkrådet 31. august 2021.

## **Oversikt over fond**

<b>Fond 2023</b>	<b>Kroner</b>
Fellesfondet	3 250 000
Tiltak IKT-strategi Vest Telemark	238 745
ByR i Vest Telemark	289 815
Endringsprosessar og interkommunalt samarbeid	87 227
Rådmennesenes disposisjon	92 488
Velferdsteknologi	240 000
Disposisjonsfond	6 575 000
	<b>10 773 275</b>

***Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å godkjenne det framlagte forslaget til budsjett 2023 med følgjande endringar:***

Konto	Konto(T)	Rekneskap pr, 01.11.2022	Rev. budsjett 2022	Budsjett 2022	Budsjett 2023
<b>1100 ADMINISTRASJON VTR</b>					
1010	Fast løn	1 195 377,09	1 600 000,00	1 600 000,00	
1020	Vikarløn ved sjukdom	11 769,23	0,00	0,00	
1050	Anna løn og trekkpl. ytingar	0,00	40 000,00	40 000,00	
1053	Anna løn og trekkpl.yting	8 756,05	0,00	0,00	
1080	Styrehonorar	0,00	50 000,00	50 000,00	
1090	Premie til KLP	180 939,00	300 000,00	300 000,00	
1092	Kollektiv ulykke/gruppel.	2 550,48	0,00	0,00	
1099	Arbeidsgjevaravgift	148 234,32	200 000,00	200 000,00	
	<b>Lønsutgifter</b>	<b>1 547 626,17</b>	<b>2 190 000,00</b>	<b>2 190 000,00</b>	<b>0,00</b>
1100	Kontormatriell	16 711,53	26 000,00	26 000,00	
1115	Matvarer	191 865,66	200 000,00	200 000,00	
1120	Anna forbruksmateriell	0,00	50 000,00	50 000,00	
1130	Frankering og gebyr	292,50	3 000,00	3 000,00	
1131	Telefon	4 739,13	15 000,00	15 000,00	
1140	Annonser, gåver og info.	76 619,66	60 000,00	60 000,00	
1150	Kursutgifter	91 616,43	60 000,00	60 000,00	
1160	Reise og diettgodtgjersle	5 028,80	100 000,00	100 000,00	
1165	Andre oppgåvepl. godtgj.	0,00	10 000,00	10 000,00	
1170	Transport	36 835,86	10 000,00	10 000,00	
1185	Forsikringar	0,00	12 000,00	12 000,00	
1190	Husleige	78 040,00	140 000,00	140 000,00	
1195	Avgifter og gebyr mm	1 734,89	100 000,00	100 000,00	
1196	Andre avg. og lisenser	149 484,88	100 000,00	100 000,00	
1200	Kontorutstyr	6 249,31	50 000,00	50 000,00	
1270	Konsulenttenester	287 584,99	300 000,00	300 000,00	
1350	Andre kommunar	299 000,00	0,00	0,00	
1370	Driftsavtaler med private	15 170,00	50 000,00	50 000,00	
1375	Kaup frå IKS-selskap	44 100,00	0,00	0,00	
1429	Mva-kompensasjon	176 247,55	750 000,00	750 000,00	
1470	Til andre private	52 055,19	0,00	0,00	
1540	Avsetj. til disp.fond	0,00	120 000,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>1 533 376,38</b>	<b>2 156 000,00</b>	<b>2 036 000,00</b>	<b>0,00</b>
1710	Ref. sjukeløn	-18 413,00	0,00	0,00	
1729	Kompensert mva-drift	-176 247,55	-750 000,00	-750 000,00	
1730	Ref. frå fylket	-2 483 092,00	-2 483 000,00	-2 483 000,00	
1750	Ref. frå kommunar	-2 483 092,00	-2 483 000,00	-2 483 000,00	
1900	Renteinntekter	0,00	-80 000,00	-80 000,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-5 160 844,55</b>	<b>-5 796 000,00</b>	<b>-5 796 000,00</b>	<b>0,00</b>
<b>1101 DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI</b>					
1010	Fast løn	187 600,00	352 000,00	680 000,00	
1053	Anna løn og trekkpl.yting	1 118,03	0,00	0,00	
1090	Premie til KLP	25 126,00	55 000,00	95 000,00	
1092	Kollektiv ulykke/gruppel.	748,92	0,00	0,00	
1099	Arbeidsgjevaravgift	20 636,07	50 000,00	82 000,00	
	<b>Lønsutgifter</b>	<b>235 229,02</b>	<b>457 000,00</b>	<b>857 000,00</b>	<b>0,00</b>
1100	Kontormatriell	398,00	0,00	0,00	
1115	Matvarer	2 215,50	30 000,00	30 000,00	
1120	Anna forbruksmateriell	0,00	5 000,00	5 000,00	
1131	Telefon	664,10	5 000,00	5 000,00	
1140	Annonser, gåver og info.	9 199,00	3 000,00	3 000,00	
1150	Kursutgifter	7 700,00	20 000,00	20 000,00	
1160	Reise og diettgodtgjersle	8 628,38	40 000,00	40 000,00	
1170	Transport	727,15	0,00	0,00	
1190	Husleige	50 660,00	80 000,00	80 000,00	
1196	Andre avg. og lisenser	10 651,79	0,00	0,00	
1200	Kontorutstyr	38 773,60	400 000,00	400 000,00	
1350	Andre kommunar	90 000,00	0,00	0,00	
1370	Driftsavtaler med private	0,00	10 000,00	10 000,00	
1429	Mva-kompensasjon	29 362,38	0,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>248 979,90</b>	<b>593 000,00</b>	<b>593 000,00</b>	<b>0,00</b>
1729	Kompensert mva-drift	-29 362,38	0,00	0,00	
1950	Bruk av bundne driftsfond	0,00	-600 000,00	-1 000 000,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-29 362,38</b>	<b>-600 000,00</b>	<b>-1 000 000,00</b>	<b>0,00</b>
<b>1108 VEST-TELEMARK KONFERANSEN OG YRKESMASSA PÅ DALEN</b>					
1120	Anna forbruksmateriell	0,00	0,00	200 000,00	
1196	Andre avg. og lisenser	96,00	0,00	0,00	
1370	Driftsavtaler med private	3 000,00	0,00	0,00	
1429	Mva-kompensasjon	774,00	0,00	0,00	
1430	Overf. til fylkeskommunen	0,00	100 000,00	100 000,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>3 870,00</b>	<b>100 000,00</b>	<b>300 000,00</b>	<b>0,00</b>
1629	Billettinntekter	0,00	0,00	-80 000,00	
1729	Kompensert mva-drift	-774,00	0,00	0,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-774,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-80 000,00</b>	<b>0,00</b>

**1111 TIL RÅDMENNENS DISPOSISJON**

1115	Matvarer	29 914,51	30 000,00	30 000,00	
1140	Annonser, gaver og info.	3 403,64	15 000,00	15 000,00	
1150	Kursutgifter	9 852,30	15 000,00	15 000,00	
1170	Transport	848,21	0,00	0,00	
1270	Konsulenttenester	0,00	40 000,00	40 000,00	
1429	Mva-kompensasjon	2 059,84	0,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>46 078,50</b>	<b>100 000,00</b>	<b>100 000,00</b>	<b>0,00</b>
1729	Kompensert mva-drift	-2 059,84	0,00	0,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-2 059,84</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

**1112 ETABLERARKONTORET I TELEMARK**

1270	Konsulenttenester	75 000,00	0,00	0,00	
1370	Driftsavtaler med private	150 000,00	300 000,00	300 000,00	
1429	Mva-kompensasjon	56 250,00	0,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>281 250,00</b>	<b>300 000,00</b>	<b>300 000,00</b>	<b>0,00</b>
1729	Kompensert mva-drift	-56 250,00	0,00	0,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-56 250,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

**1128 FELLESTILTAK I NÆRINGSKOLLEGIET**

1115	Matvarer	16 722,00	50 000,00	50 000,00	
1140	Annonser, gaver og info.	36 532,34	60 000,00	60 000,00	
1150	Kursutgifter	892,86	20 000,00	20 000,00	
1170	Transport	0,00	10 000,00	10 000,00	
1196	Andre avg. og lisenser	0,00	60 000,00	60 000,00	
1270	Konsulenttenester	32 050,00	50 000,00	50 000,00	
1370	Driftsavtaler med private	6 588,00	50 000,00	50 000,00	
1429	Mva-kompensasjon	20 349,64	0,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>113 134,84</b>	<b>300 000,00</b>	<b>300 000,00</b>	<b>0,00</b>
1729	Kompensert mva-drift	-20 349,64	0,00	0,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-20 349,64</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

**1136 FELLES KLIMAPLAN I VEST TELEMARK**

1010	Fast løn	2 695,37	0,00	0,00	
1020	Vikarløn ved sjukdom	7 692,31	50 000,00	50 000,00	
1053	Anna løn og trekkpl.yting	15 428,34	0,00	0,00	
1090	Premie til KLP	3 369,00	0,00	0,00	
1092	Kollektiv ulykke/gruppel.	122,00	0,00	0,00	
1099	Arbeidsgjevaravgift	3 106,54	0,00	0,00	
	<b>Lønsutgifter</b>	<b>32 413,56</b>	<b>50 000,00</b>	<b>50 000,00</b>	<b>0,00</b>
1115	Matvarer	9 759,44	20 000,00	20 000,00	
1150	Kursutgifter	3 757,47	10 000,00	10 000,00	
1160	Reise og diettgodtgjersle	4 718,40	0,00	0,00	
1195	Avgifter og gebyr mm	74,99	0,00	0,00	
1196	Andre avg. og lisenser	923,60	0,00	0,00	
1270	Konsulenttenester	48 209,33	520 000,00	20 000,00	
1429	Mva-kompensasjon	12 734,13	0,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>80 177,36</b>	<b>550 000,00</b>	<b>50 000,00</b>	<b>0,00</b>
1700	Ref frå staten	-500 000,00	-500 000,00	0,00	
1729	Kompensert mva-drift	-12 734,13	0,00	0,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-512 734,13</b>	<b>-500 000,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

**1137 SMÅBRUKPROSJEKT**

1053	Anna løn og trekkpl.yting	213,17	0,00	0,00	
1099	Arbeidsgjevaravgift	22,60	0,00	0,00	
	<b>Lønsutgifter</b>	<b>235,77</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
1100	Kontormatriell	3 428,80	5 000,00	5 000,00	
1115	Matvarer	1 926,00	5 000,00	5 000,00	
1130	Frankering og gebyr	1 937,60	10 000,00	10 000,00	
1140	Annonser, gaver og info.	5 000,00	100 000,00	100 000,00	
1150	Kursutgifter	0,00	10 000,00	10 000,00	
1160	Reise og diettgodtgjersle	1 407,70	5 000,00	5 000,00	
1195	Avgifter og gebyr mm	45,00	0,00	0,00	
1196	Andre avg. og lisenser	1 191,32	0,00	0,00	
1270	Konsulenttenester	7 700,00	65 000,00	65 000,00	
1370	Driftsavtaler med private	890,00	0,00	0,00	
1429	Mva-kompensasjon	3 786,93	0,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>27 313,35</b>	<b>200 000,00</b>	<b>200 000,00</b>	<b>0,00</b>
1729	Kompensert mva-drift	-3 786,93	0,00	0,00	
1940	Bruk av disp.fond	0,00	-100 000,00	-100 000,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-3 786,93</b>	<b>-100 000,00</b>	<b>-100 000,00</b>	<b>0,00</b>

**1138 AKTIVITETSTILBUD VELFERDSTEKNOLOGI**

1100	Kontormatriell	173 476,00	0,00	0,00	
1131	Telefon	532,00	0,00	0,00	
1200	Kontorutstyr	27 980,00	800 000,00	800 000,00	
1270	Konsulenttenester	3 200,00	0,00	0,00	
1370	Driftsavtaler med private	192 000,00	0,00	0,00	
1429	Mva-kompensasjon	51 297,00	0,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>448 485,00</b>	<b>800 000,00</b>	<b>800 000,00</b>	<b>0,00</b>
1729	Kompensert mva-drift	-51 297,00	0,00	0,00	

1950	Bruk av bundne driftsfond	0,00	-800 000,00	-800 000,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-51 297,00</b>	<b>-800 000,00</b>	<b>-800 000,00</b>	<b>0,00</b>
<b>1139 BEREKRAFTIG REISEMÅL 2022</b>					
1190	Husleige	11 700,00	25 000,00	0,00	
1270	Konsulenttenester	421 750,00	0,00	0,00	
1370	Driftsavtaler med private	0,00	300 000,00	1 380 000,00	
1429	Mva-kompensasjon	108 362,50	0,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>541 812,50</b>	<b>325 000,00</b>	<b>1 380 000,00</b>	<b>0,00</b>
1700	Ref frå staten	0,00	0,00	-650 000,00	
1729	Kompensert mva-drift	-108 362,50	0,00	0,00	
1940	Bruk av disp.fond	0,00	-325 000,00	-730 000,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-108 362,50</b>	<b>-325 000,00</b>	<b>-1 380 000,00</b>	<b>0,00</b>
<b>1140 FELLES REISELIVSSTRATEGI 2022</b>					
1100	Kontormatriell	0,00	0,00	5 000,00	
1115	Matvarer	0,00	0,00	25 000,00	
1160	Reise og diettgodtgjersle	0,00	0,00	25 000,00	
1200	Kontorutstyr	0,00	0,00	20 000,00	
1270	Konsulenttenester	0,00	0,00	80 000,00	
1370	Driftsavtaler med private	0,00	800 000,00	1 100 000,00	
1429	Mva-kompensasjon	137 500,00	0,00	0,00	
1470	Til andre private	550 000,00	0,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>687 500,00</b>	<b>800 000,00</b>	<b>1 255 000,00</b>	<b>0,00</b>
1700	Ref frå staten	0,00	0,00	-300 000,00	
1729	Kompensert mva-drift	-137 500,00	0,00	0,00	
1940	Bruk av disp.fond	0,00	-800 000,00	-955 000,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-137 500,00</b>	<b>-800 000,00</b>	<b>-1 255 000,00</b>	<b>0,00</b>
<b>1141 INN I ARBEID</b>					
1270	Konsulenttenester	0,00	200 000,00	0,00	
	<b>Driftsutgifter</b>	<b>0,00</b>	<b>200 000,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
1700	Ref frå staten	-200 000,00	-200 000,00	0,00	
	<b>Inntekter</b>	<b>-200 000,00</b>	<b>-200 000,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>



**Sak 46/2022 Framlegg til møtekalender 2023**

Administrasjonen legg med dette fram forslag til møtekalender 2023 for Vest-Telemarkrådet.

I forslaget vidarefører vi innretninga frå tidlegare år med tysdag som møtedag, og same tal på møte per år. Det blir foreslått 2 møte i Vest-Telemarktinget.

Vest-Telemarkrådet feirer 30 år i 2023, dette bør bli markert. Stiftingsmøtet fann stad på Morgedal hotell 2. september 1993.

Tysdag	24. januar	Arbeidsutvalet	
Tysdag	7. februar	Rådsmøte	Stad: Seljord
Onsdag	1. februar	Vest-Telemarkkonferansen	Quality Straand Hotel
Tysdag	7. mars	Arbeidsutvalet	
Tysdag	21 mars	Rådsmøte	Stad: Vinje
<b>Påske: onsdag 5. april – måndag 11. april</b>			
<b>Tysdag</b>	<b>25. april</b>	<b>Møte i tinget</b>	Stad: Tokke
Tysdag	9. mai	Arbeidsutvalet	
Tysdag	23. mai	Rådsmøte	Stad: Nissedal/Oslo
Tysdag	15. august	Arbeidsutvalet	
Tysdag	29. august	Rådsmøte	Stad: Kviteseid
Tysdag	3. oktober	Arbeidsutvalet	
Tysdag	17. oktober	Rådsmøte	Stad: Fyresdal
Tysdag	3. november	Arbeidsutvalet	
Tysdag	14. november	Rådsmøte	Stad: Nissedal/Oslo
<b>Tysdag</b>	<b>5. desember</b>	<b>Møte i tinget</b>	Stad: Vinje

**Framlegg til vedtak:** *Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møtekalender for 2023*  
*Markering av Vest-Telemarkrådet sitt 30 årsjubileum vert lagt til Morgedal hotell 29. august 2023*

**Sak 47/2022 Framlegg til sakliste for møte i Vest-Telemarktinget kl. 10.00-13.00  
6. desember 2022**

**Sakliste**

Sak 08/2022 Opprop

Sak 09/2022 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 10/2022 Framlegg til budsjett 2023 for Vest-Telemarkrådet

Sak 11/2022 Orienteringar

1. Status reisemålsprosessar: Merket for berekraftig reisemål og Reisemålsutvikling i Vest-Telemark ved Visit Telemark.  
Adm. direktør Anne-Hege Svartdal, prosjektleiar i berekraftssertifisering Hilde Ivesdal Pedersen og prosjektleiar i reiselivsstrategi Nikoline Halvorsen presenterar status i arbeidet.
2. Nullvisjon Agder ved Torstein Salvesen, leiar i Listerregionen

Sak 12/2022 Nullvisjonplan for Vest-Telemark

Lunsj kl. 12.00 – 13.00

Kl. 13.00 Etter tingmøtet blir det møte i representanskapet i PPT

***Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslag til sakliste for Vest-Telemarktinget 6. desember 2022***

**Sak 48/2022 Møte med telemarksbenken kl. 16.00-18.00 15. november i Oslo**

Det er avtalt med Lene Vågslid om møte med benken 15. november 2022 kl. 16.00-18.00.

Vest-Telemarkrådet drøfta i rådsmøtet av 18. oktober saker som skal bli drøfta med telemarksbenken i novembermøtet.

**1. Tilbakemelding frå benken**

Vest-Telemarkrådet ber benken om å koma med tilbakemelding frå møtet 24. mai der dette vart drøfta:

- Prosess rv 36 Skyggestein –Skjelsvik
- Økonomiske konsekvensar av barnevernsreforma
- Forebygging i helse
- E134. («Handsaming av utbygging E134 Seljestad – Røldal»)

**2. Orientering ved ordførarane**

- a) Halvor Homme orienterar om den politiske frustrasjonen i Vest-Telemark.
- b) Alle ordførarane gir ei orientering om desse tema gjeldande for sin kommune:  
*Kommuneramme, status og demografiutvikling*
- c) Busetting av flyktningar, muligheiter og utfordringar ved Halvor Homme
- d) Ressurskrevjande brukarar ved Halvor Homme
- e) Skatteendringar knytt til høgprisbidrag ved Erik Skjervagen
- f) Grunnrente og auka bidrag frå konsesjonskraft ved Jon Rikard Kleven
- g) Synspunkt på NOU 2022:10 Inntektssystemet for kommunene ved Jon Rikard Kleven
- h) Organisering av Statsforvaltaren etter fylkessplittinga ved Jarand Felland
- i) Ekstraskatt for ikkje å ha blitt samanslått med ein annan kommune ved Beate Marie Dahl Eide

**3. Korleis kan benken og Vest-Telemarkrådet i lag lyfte saker som er viktig for Vest-Telemark?**